

# UTVIKLINGA AV ÅMLI SENTRUM

Når eg står på Trogfjell og ser ut over bygda vår, har ofte tanken kome om korleis ho har forandra seg bare i mi levetid. Snublante nær er det då å tenke: Korleis var det før då, og før då...?


Åmli sentrum, der det nå ligg, kunne umogleg ha noko særleg å tilby som fast bustad til dei fyrste menneska som høyrdre Åmfossen etter siste istid. Det var nok jakt etter elg, hjort eller skogsrein sommarstid som førde den fyrste jegeren til å stemple sitt fotefar i ei søylemyr i Åmli. Vinterstid låg han vel ved kysten og åt blåskjell og fisk.

Av konkrete bevis på tidleg menneskeoppfald er 2 holøkser frå steinalderen, funne på Riisland. Der er óg funn frå eldre og yngre jernalder. Om dette er fast busetnad er usikkert, men då det blei for mange folk langs kyststripa, starta det "indre landnåmet", ei folkevandrings, ca år 400 e. Kr. Dette har me merke etter på Flatlandsmoen i Gjøvdal, og det er vel ikkje usannsynleg at nokre stoppa i Åmli óg. Utviklinga av sentrum var starta, men sjølv sagt ikkje nede ved elva, der var sjansen for nattefrost og

skodde for stor vår og haust. Det er nok i strøket noverande Høgevoll - Riisland me finn den eldste busetjinga. Det er mykje som tyder på at gardsnamnet på prestegarden var Åmli og dermed grunnlaget for kommunenamnet. Det kjem av treet Alm (gamalt Åm) og er gardsnamn/stadnamn i t.d. Sirdal, Valle, Herefoss og Vinje. At den noverande prestegarden heitte Åmli, vitnar ei gammal bodstikkerute om. Ho skulle innom: --Børtinghus -- Åmli -- Riisland --. Desse gardane låg stort sett noko høgare enn dei gjer i dag og utgjorde det fyrste Åmli "sentrum". Det var derfor naturleg at den fyrste kyrkja blei bygd her, truleg på slutten av 1100-talet. Me har to minne ifrå denne tida. Det fyrste er ein runestein utanfor den gamle kyrkja som hadde den ufullstendige inskripsjonen: " -- reiste denne stein etter --" og som blei sundsleigen i 1822 og brukt som haldestein i den nye kyrkja som stod ferdig i 1826. Den historisk korrekte Engvald Bakkan lar Inger Mjaavassstøyl undre seg over denne runesteinen på 1700-talet.



*Er dette det eldste fotografiet av Åmli sentrum? Forsamlingshuset, som blei bygd i 1897 er ikkje med, medan "Sentralen" (Inge Knutsen) bygd 1895, er med på biletet.*



Nergardskleiva rett etter århundreskiftet.

I Gjøvdal gamle stavkyrkje var der runer i treverket med hyllest til dei gamle æsene, altså var delar av bygningen frå gamalt gudehov. Kunne det same vere tilfelle i Åmli?

Det andre funnet ligg på Riksarkivet og er delar av ei handskreven altarbok (missal) på latin, som har fått namnet "Åmli-missalet". Det er mykje som tyder på at dette skrifset er heilt frå den fyrste tida.

I århundra som sylgjer er der nok små forandringar av "sentrum". Riisland, gamalkyrkja, prestegarden (høgare enn nå), Øvre Børtinghus, (Høgevoll) og nedre Børtinghus låg ved den gamle ridevegen. Nedanfor vegen lå Nergarden med 2 bruk. Etterkvart ein del husmannsplassar. Attmed Nidelva finn me mest ikkje livsteikn ennå. Kanskje ein hestehage og etterkvart som trelasthandelen byrja på 1500 talet, nokre lasteplassar/ruller.

Namna er her interessante, for i Matrikkelen av 1838 er Høgevoll ikkje nemnt særskilt, men er eit av 3 Børtinghusbruk. Sjølv om namnet er eldre, er det faktum at det ikkje er offisielt, logisk nok, det låg ikkje høgare enn "sentrum" og vegen, det låg tett ved.

Nergarden derimot, låg nedanfor trafikkåra. Her gjekk ei grein av vegen forbi klokkgarden og ned til Lillemo, forbi Olav Vatnes nå nedrevne hus. Vegen stoppa ved elva der båtstóa for Gjøvland, Olstad m.fl. var. Dette var vegen dei drog når dei skulle gravlegge sine, derfor blei vegen heitande Grevstovegen.

Korleis såg så husa ut før? Då Niels Pedersen kom til

Åmli i 1708 for å overta embetet som sokneprest etter Herman Hansen Thurimontan (Dette er "Inger og Knut-prestane!"), bestod våninghusa på prestegarden av to små bygningar. Sjølve hovudbygningen var ei lita stoga, 4,5 m i firkant med seks små vindauge. Ved sida av stoga var det ein liten kove som blei brukt som kjøkken, 3 m lang og 1,6 m brei. Over stoga var det eit par små loft. Svillene var ganske rotna og stod langt ned i jorda i øvre enden av huset. Når det var regnver, rann vatnet gjennom stoga.

Ved sida av denne "storstoga" var det ein mindre stogebygning som Thurimontans forgjengar, Lars Gabrielsen Lind, hadde bygd omlag 1650. Stoga var 3,5 m i firkant med eit lite loft over. Golvet var skeivt for det hadde sokke på den sida skorsteinen stod.

Omkring dei to små våningshusa låg bortimot eit dusin uthusbygningar, kufjøs, småfjøs, løer, låvar og badstoge, alt i heller dårlig stand.

Det eg har prøvd å forklare ovanfor kan vere eit brukbart "indre" biletet å ha når ein les "Krossen er din" av Engvald Bakkan. Midt mellom näverande Høgevoll og skogbrynet (skogjaren) stod gamle Høgevoll. Det var ved løeveggen her Inger Mjaavasstøyl hadde sin skjebne-svangre abort.

Det første teikna biletet er frå 1784. Det er ei strekteikning der ein ser gamalkyrkja og prestegarden frå sør. Denne teikninga er grunnlaget for eit av takmåleria i salen på Elvarheim.

Eit minne frå den siste gamlekyrkja under heia, er ein smidd vindfløy som stod i spiret. Årstalet er 1826 og er ennå lett å lese i toppen på flaggstanga i prestegarden, der den står nå. 1826 er innviinga av siste kyrkja under heia, sannsynlegvis den 3. i rekka. Den 4. blei bygd der ho er nå, på Fossbekk i 1885. Den brann ned palmesundag 1907. Den 5. og siste er frå 1908.

Sjølv om det er den bygningsmessige forandring som er temaet for denne artikkelen, er det freistande å gje eit tidsbilete av bygdefolkets prestebehandling i eldre tider. Sokneprest Jens Droby skriv i 1576 om forgjengarane sine: "En præst drebte de, den andre hugges og droges de med, den tredje hug de to fingere av, den fjerde jog de i badstuen hver gang de drak". (!)

Om bygdefolket påverka dei fyrste prestane sterkt, skulle det bli ein prest som sette fart i utviklinga av Åmli sentrum. Iver Anton Rummelhoff var ordførar og seinare Åmlis fyrste stortingsmann. Som ordførar stod han hardt på for å få køyreveg til Arendal. Trass i sterkt motstand i kommunestyret, - dei var nok redde for farande fant og utforkøyring av bygdefolk i fylla - fekk han viljen sin gjennom. Interessa for vegbygging hadde han frå far sin, Bartolomeus Rummelhoff, som var den fyrste store vegbyggaren på Agder.

Vegarbeidet stod på i 1847 - 1854, og i Åmli vart vegen lagt nede ved elva. Grunnlaget for den store forandringa var gjort, isolasjonen var broten. Då ein av Arendals rikfolk kom med tospendt vogn, samla folk seg for å sjå på vidunderet og prestefrua grein av glede over kontakten med omverda. Så seint som i hennar tid hadde ein ulveflokk brote seg inn i prestegardsfjøset og truleg skamført fenåren (sau og geit).

Det tok litt tid før husbygginga langs vegen tok fart. Det fyrste kartet over området er frå 1862, og der er bare plassen Fossen teikna på. Olaf Salvesen fortalte derimot til Gunnar Sigríðnes at oldefar til Gunnar, Olav Gundersen, bygde dei tre fyrste husa i Åmli sentrum.

Dette var truleg meint som husa etter "gamle" Fossen, som seinare flytta. Opphavleg stod det omrent der Åmfoss kafeteria er nå.

Fart i utviklinga blei det fyrst rundt 1870. Arendal var i si stormaktstid og bygde t.d. 27 skip på eitt år. Dette gav høgare tømmerprisar og meir pengar blant folk. Grunnlaget for ein skikkeleg butikk i Åmli var lagt. Før dette hadde det vore fleire små "butikkar" innreia i privat-hus eller stolpehus rundt forbi, oftast med kort varighet.

Hausten 1871 slo Lars Andersen seg ned som landhandlar i madam Sundsdals hus (nå Barbra Dales tomt). Her var og postkontor frå 1874-81. Det fyrste kom 1.5.1859. Kort etter bygde han nåverande Heksebua og innreia heile huset til butikk. Dette huset kom truleg frå Tutlamoen på Øy og fortel om ein heilt vanleg byggeskikk på denne tida. Lafta hus var lette å rive og sette opp

att, enten dei brukte alt eller delar av huset.

Butikken gjekk godt, og Lars Andersen bygde så omlag i 1890 "Sletten" (nå Finn Borgens). Det står forresten "Sletta" i nokre gamle papir, og fortel om topografien i eit elles bratt område før gravmaskinenes tid. Huset var fyrst bygd som reink herskapshus, seinare hotell og så butikk i fyrste etasje. Apropos terrengnamn, så låg det eigentlege Blautekjær, eit oppkome, mellom nåverande Åmli Blomster og Forbruksforeninga. På denne tida blir det vanleg å kalle det nye sentrum for Nergarden, noko ein ser på gamle prospektkort. Eg har hørt eldre folk frå nabokommunane bruke det heilt fram til våre dagar.

Olaf Salvesen nemner ei rekke personar som prøver seg på handel i Nergarden. Her trekker me fram Knut Olstad som sette opp nåverande Jon Ragnar Valles hus og dreiv handel der i fleire år før han selde det til lensmann Vrenne i 1895. Knut Olstad bygde så Hovet (nå Anne Engenes) med uthus (nå Bokhandelen). På Hovet dreiv han butikk til Åmli forbruksforening overtok i 1899. Området heitte Tislandsletta på denne tida, men dette er vel nå ute av bruk. Pussig nok låg dette opphavleg under prestegarden og var truleg til bruk som hestehage.

Forbruksforeninga sitt eige storbygg stod ferdig i 1903. Då var sentrumsutbygginga kome så langt at der alt hadde stått eit hus på denne tomta. Det vart rive, sett opp att og er nåverande Ole Roger Pedersens bustad.

Som eksempel på nye arbeidsplassar den utvida handelen ført med seg, tar me med at varekøyring gav arbeid til fleire. Lars Andersen hadde sine og "foreninga" sine. Køyringa til Forbruksforeninga blei arva i tre generasjoner, først Sveinung Simonstad, deretter sonen Knut og så hans son att, Sveinung Lundevoll.


I løpet av dei omlag 130 år som er gått, har mange hus forsvunne frå sentrum, men dette ville føre for langt å gå inn på her. Likevel må nemnast huset ved "Det glade hjørnet", gamle Esso m.m., som blei sett opp i 1870. Likedan gamle-skulen som kom i 1894 og er bedehus på Nelaug nå. Murane er fasadestein på parkeringsplassen ved Åmli Pleie- og omsorgssenter, som og har tatt plassen til den fyrste kvileheimen som kom i 1902.

I 1905 før den fyrste bilen gjennom bygda. Det var ein amerikanar. Den andre var her 5.7.1906. Det var fabrikkeigar Clarin Mustad frå Duclair i Frankrike. Sjåfør var Adriën Drancé frå Gelatin ved Rouen.

I 1910 blei der oppretta bilsamband mellom Åmli og Arendal. Dette var det fyrste i Aust-Agder, men blei snart utkonkurrert då jernbanen kom til bygda same årstal. Tek me med fullføringa av Åmfoss bru i 1918 (Jol i Åmli 1986) og elektrisk straum i 1921, er dei viktigaste milepælene nemnt.


Her er ein oversikt over dei hus i sentrum som ikkje er nemnt ovanfor, men er frå århundreskiftet eller eldre, og som eksisterer heilt eller delvis ennå:

<i>Nåverande eigar/brukar</i>	<i>Namn/kallenamn på huset</i>	<i>Byggeår</i>	<i>Ymse</i>
Åmli kommune	Klokkgarden	1871	Sjå Jol i Åmli 1985
Åmli Misjonsforbund	Forsamlingshuset	1897	Bygd av Ola Breiung
Sigrid Forbergs arvingar	Forbergs hotell	1878	Hotell
Knut Bløtekjær	Hagen	1901	Gamle Høgevolls våningshus
Tellef Vinvand	Solbakken	1884	Frå Austre Fiskvatn
Sverre Gjøvland / Leif G. Lorentsen	Kleiva	1901	Felemakarverkstad
Irene/Gunhild Krakstad	Bakken	1880	Originale initialer over døra T.J.S.=Torbjørn Johnsen
Godtfred Lorentsen	Flaten	1880	Bygd av T. Johnsen
Kristian Rostveit	Haugen/Kloppene	1890	
Ragnhild Tveit	Solli	1899	Sykkelverksted (Prod. av sykkelen "Sterk odder")
Severin Valle	"Gamle apoteket"	1900	Aptek
Ivar /Ingeborg Halvorsen	Borgen	1885	Frå Gangsei. Bakeri, Talestasjon for Gjøvdal (!) telefonselskap.
Halfdan Fiskvatn	Nergarden	1890	
Inge Knutsen	Blautekjær / "sentralen"	1895	Telefonsentral, Kafé, butikk
Sverre Oland	Birkelunden	1893	Kontor for ingeniørane ved bygging av Åmfoss bru
Aud Thunheim	Løstad / Gamle S-laget	ca 1900	Frå Gjøvdal. Fløta ned. Asklands hotell
Halvor Flottorp	Birkelunden	1892	Bensinstasjon sidan 1930
Berigt Austjord	Lunden	1900	Salmakarverkstad
Signe Lauvland	Lauvland	1900	Snekkerverkstad
Kjetil Riisland	Solhaug	1878	Legekontor




Åmli sentrum (1910-1920). Dei vaksne personane utanfor Forbruksforeninga sett  
frå høgre: styrar Fagerli, Tellef Engenes og Gunnar Ånesen. Bak ved døra: Kari  
S. Tveit. Bortanfor Forbruksforeninga ser vi huset til Margit Børtinghus  
(Klemmets-Margit) der ho dreiv kafé.


## UTVIKLINGA AV ÅMLI



"UR - ÅMLI"



DEN FYRSTE BUSETJINGA





ÅMLI OMLAG 1905



## OPPGÅVER ÅMLI SENTRUM.

1. Når tid trur me dei fyrste *fastbuande* slo seg ned i Åmli?
2. Kor i Åmli låg den fyrste busetjinga?
3. Kvifor låg den just her?
4. Korleis oppstod namnet Grevstovegen?
5. Korleis såg husa på ein gard ut på 16-1700 talet? (Bruk prestegarden som døme.)
6. Kor låg den gamle *plassen* Fossen? (Eldste bygning der nåverande sentrum er.)
7. Kor låg den fyrste landhandelbutikken?
8. Når for den fyrste bilen gjennom bygda?
9. Når kom jernbanen til Åmli?
10. Når blei den nedlagt?



Oversikt sentrumsutvikling:  
Post 4, Trogfjellstigen,  
"Milepælar i sentrumssoga"